

# SR

SETESDAL REGIONRÅD

# 11

ÅRSMELDING FOR 2011



*Til deg som har interesse av  
å vite kva vi gjer, og er oppteken  
av å vere med å utvikle dalen*



## Innhold

- 3 Styreleiaren har ordet
- 4 Årsmelding
- 7 Organisering – samarbeidsstrukturar
- 10 Handlingsprogram 2011 – oppfølging – kort fortalt
- 12 Riksveg 9 – livsåra i Setesdal
- 15 Helsesatsing og Samhandlingsreforma
- 20 Attraktivitet – identitet – omdømebygging
- 23 Arrangement – synlege i samfunnsdebatten
- 26 Reiseliv – «Setesdal – Noreg tett på!»
- 28 Nye interkommunale samarbeid
- 31 Kompetanse
- 33 Prosjekt med støtte frå Regionrådet
- 34 Næringsnytt anno 2011
- 38 Balanserekneskap
- 39 Driftsrekneskap
- 41 Revisjonsberetning
- 42 Kontorarbeid og kapasitet
- 42 Framtidsutsikter – prioriterte aktivitetar

Naturens venleik meg renn i hugen,  
Mot fedrelande bliv eg so trugen.  
Då fær eg kjærleik te dal og nut  
Då gjeng eg djerv som ein Norigs gut.

BJØRGULV O. AUSTAD



**LEIV RYGG**  
STYRELEIAR  
SETESDAL REGIONRÅD

## Styreleiaren har ordet

**Eit næringsliv i god utvikling** og eit godt bumiljø er bærebjelkene for å skape eit levande samfunn. I Setesdal har vi dette. Næringslivet syner vilje, ønske og evne til å satse, regionen er i vekst og med medvite samfunnsarbeid og samarbeid mellom private og offentlege aktørar er det med optimisme vi ser framtida i møte.

**Helse har vore den store** samarbeidssaka i Setesdal Regionråd i 2011, som det var i 2010 og som det vil vere i 2012. Samhandlingsreforma krev mykje av kommunane, vi har arbeidd mykje med dette og at det ser ut til at vi vil lukkast med å løyse våre oppgåver på ein god måte. Ikkje minst fordi vi ser ut til å lukkast i å etablere god kommunikasjon og forståing med samarbeidspartnarane våre i helseforetaka. Likevel, reforma er bare i starten, og mykje skal skje i åra frametter som vil krevje mykje av oss, eg har tru på at vi vil greie å vere mellom dei fremste i å løyse desse oppgåvene.

**Samarbeid kommunar imellom** kan vere – og er krevjande. Det er ikkje enklare å samarbeide i Setesdal enn andre stader, men som ny i regionrådet og som ny i politikken i Setesdal kan eg slå fast at vi har lukkast med mykje. Samarbeidet krev og mykje av oss reint praktisk, bare å sjå på alle dei ulike samarbeidsformene vi har (IKS, AS, vertskommune, § 27, tenestekjøp og så bortetter) syner at dette er krevjande å følgje opp. Vi ser likevel at det vil vere fornuftig å samarbeide tettare på fleire område i tida frametter. I 2011 fekk vi felles IKT-selskap, dette vil neppe vere det siste området vi går saman om å finne gode løysingar på.

**I 2011, og no vidare frametter** mot stortinget si handsaming av Nasjonal TransportPlan (NTP) er Riksveg 9 ei viktig sak for oss. Så langt tyder alt på at vi har lukkast med å få gjennomslag for vidare utbygging av vegen, regionalt, opp mot storting og mot regjering. Med godt arbeid vidare har vi stor tru på at vi kan køyre på veg med gul midtstripe til Hovden i løpet av få år. Infrastruktur er sjølve grunnlaget for alt vi gjer, og god veg er utruleg viktig for dalen.

**Setesdal har ein rik og djup kultur**, noko som gjev innfødte og innflyttarar ein identitet knytt til dalen. Det vert gjort mykje godt kulturarbeid i dalen, og tradisjonane er framleis mykje levande. Dette må vi vere medvitne, og bruke, det er gjennom bruk kulturtradisjonane held seg levande. Så om du no er politikar, næringsdrivande, gardbrukar, arbeidar, skuleelev eller pensjonist, gjer bruk av kulturen vår, hald den i hevd og syt for at den utviklar seg!

**Leiv Rygg**  
styreleiar  
SETESDAL REGIONRÅD

# Årsmelding

Styret legg med dette fram årsmeldinga for Setesdal regionråd for driftsåret 2011.

## ARTEN OG INNHALDET TIL VERKSEMDA

Setesdal regionråd er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle, Bygland og Evje og Hornnes. Verksemda er organisert som eit interkommunalt samarbeid i medhald av § 27 i kommunelova. Regionrådet er sjølvstendig rettssubjekt. Valle er vertskommune.

Regionrådet har som visjon å medverke til at det er godt å bu og drive verksemd i Setesdal. Verksemda har tre strategiske satsingsområde – infrastruktur, interkommunalt samarbeid og næringsutvikling.

## FORMALIA – FUNDAMENT FOR SAMARBEIDET

Visjonsdokument – samarbeidsavtale og nye vedtekter for Setesdal regionråd – vart lagde fram kring årsskiftet 2006-07. Kommunane godkjende og formaliserte fundamentet i 2007.

## FRAMHALD AV DRIFTA

Styret finn at verksemda er driven i samsvar med og i medhald av den samarbeidsavtalen og dei vedtaka som gjeld. Styret konstaterer at drifta for 2011 er sikra gjennom formaliserte samarbeidsavtalar med kommunane og øyremerkte midlar frå kommunane til verksemda. Fylkeskommunen medverkar og gjennom løyving i samsvar med konsesjonskraftavtale med kommunane og med rammeløyving til regionalt næringsfond frå Regionalt utviklingsprogram / KRD-midlar.

## ARBEIDSMILJØ – YTRE MILJØ

Verksemda disponerer tilfredsstillande kontor og nødvendig utstyr. Det har ikkje vore sjukdom eller skader på personell eller utstyr i 2011. Verksemda ureinar ikkje det ytre miljøet.

## ØKONOMI OG RESULTAT

Styret legg fram rekneskapan for 2011. Rekneskapan er førd i Valle kommune og revidert av Setesdal revisjonsdistrikt IKS. Styret meiner at årsrekneskapan gjev eit dekkande bilete av stillinga og resultatet til verksemda. Det er ikkje vesentlege hendingar eller uvisse når det gjeld det framlagde resultatet eller rekneskapan for 2011.

Ordinært resultat for 2011 er på kr. 1.581.664 og det er eit rekneskapsmessig overskot i driftsrekneskapan på kr. 40.376,52. Styret føreslår at det vert nytta til å dekke underskot i rekneskapan for 2009 med kr. 24.650,66. Resten, kr. 15.725,86, vert sett av til disposisjonsfond. Rekneskapsmessig underskot i kapitalrekneskapan på kr. 1.437,- vert dekket av disposisjonsfond. Ikkje inndekka underskot i rekneskapan for 2009 og 2010 på kr. 1.716,- vert dekket av disposisjonsfond, jf. styresakene 68/12, 70/12 og 71/12.

### Som vedlegg følgjer:

- Budsjettkontroll, drift 2011
- Budsjettkontroll, drift og prosjekt 2011
- Driftsrekneskap
- Samandrag balanse
- Generelle notar
- Notar til rekneskapan
- Revisjonsmelding

## MÅLOPPNÅING

Budsjettet vidareførte intensjonar om tydeleg fokus på:

- Næringsutvikling
- Riksveg 9
- Helse
- Reiseliv
- Utviklingsplan – oppfølging

Styret vurderer at ein har arbeidd i samsvar med prioriterte gjere mål i 2011.

Styret vil særleg framheve arbeidet med:

- Prosess og førebuingar av drøftingar for nye interkommunale samarbeid innafor næring og arealplanlegging, effekten av regionalt næringsfond og innsatsen i konkrete nærings saker
- Påverknadsarbeidet for Rv 9
- Tyngde og nytte av helseprosjekta, med satsinga før innføringa av samhandlingsreforma
- Etableringa av Setesdal IKT i 2011

Sjå og eigen bolk om eigenvurdering om oppfølging av handlingsprogrammet for 2011.

## SAKSOMFANG

I 2011 hadde styret 113 vedtakssaker til handsaming. Det vart lagt fram 40 saker til orientering eller drøfting, 185 referatsaker og det var 30 delegasjonssaker.

## GODKJENNING – ÅRSMELDING

I styremøte 16. mai 2012 vart årsmeldinga handsama, styresak 67/12.

Representantskapet tok årsmeldinga til etterretning i møte 20. juni 2012, sak 4/12. Representantskapet vedtok rekneskapan som lagd fram av styret, jf. sak 5/12, disponering av overskot sak 6/12, og inndekking av underskot i kapitalrekneskapan sak 7/12.



**BJØRN ROPSTAD**  
ORDFØRAR  
EVJE OG HORNNES KOMMUNE



**FINN BJØRN RØRVIK**  
VARAORDFØRAR  
EVJE OG HORNNES KOMMUNE



**LEIV RYGG**  
ORDFØRAR  
BYGLAND KOMMUNE



**OLAV NESET**  
VARAORDFØRAR  
BYGLAND KOMMUNE



**TARALD MYRUM**  
ORDFØRAR  
VALLE KOMMUNE



**FRODE VERPE**  
VARAORDFØRAR  
VALLE KOMMUNE



**JON-ROLF NÆSS**  
ORDFØRAR  
BYKLE KOMMUNE



**TOR HALLVARD MOSDØL**  
VARAORDFØRAR  
BYKLE KOMMUNE

# Observatører



**BJØRGULV SVERDRUP LUND**  
FYLKESORDFØRER  
AUST-AGDER FYLKESKOMMUNE



**ARILD EIELSEN**  
FYLKESRÅDMANN  
AUST-AGDER FYLKESKOMMUNE



**TALLAK HOSLEMO**  
RÅDMANN  
BYKLE KOMMUNE



**EIVIND BERG**  
RÅDMANN  
VALLE KOMMUNE



**JENS ARILD JOHANNESSEN**  
RÅDMANN  
EVJE OG HORNNES KOMMUNE



**ÅSMUND LAUVDAL**  
RÅDMANN  
BYGLAND KOMMUNE



**SIGNE SOLLIE HAUGÅ**  
DAGLEG LEIAR  
SETESDAL REGIONRÅD



**SIRI ALICE ØVERGÅRD**  
MØTESEKRETÆR  
SETESDAL REGIONRÅD

# Organisering – samarbeidsstrukturar

## REPRESENTANTSKAP

Formannskapet i dei fire samarbeidskommunane er representantskap for regionrådet. Rådmennene og dagleg leiar møter med tale- og forslagsrett.

For perioden 2010 / 2011 var Bjørgulv S. Lund leiar og Kay A. Jeiskelid nestleiar.

For perioden 2012 / 2013 er Jon-Rolf Næss leiar og Bjørn A. Ropstad nestleiar.

## STYRE

Representantskapet har valt styret med funksjonstid 2008 til 2011:

For perioden 2010 / 2011 var Bjørn A. Ropstad styreleiar og Knut A. Austad nestleiar.

For perioden 2012 / 2013 er Leiv Rygg vald til styreleiar og Tarald Myrum nestleiar.

## BYKLE KOMMUNE

Kay A. Jeiskelid  
Olav Mandt  
*etter valet 2011:*  
Jon-Rolf Næss  
Tor Hallvard Mosdøl

## VALLE KOMMUNE

Bjørgulv Sverdrup Lund  
Olav K. Hovet  
*etter valet 2011:*  
Tarald Myrum  
Frode Verpe

## BYGLAND KOMMUNE

Knut A. Austad  
Eli Tomine Moe  
*etter valet 2011:*  
Leiv Rygg  
Olav Neset

## EVJE OG HORNNES KOMMUNE

Bjørn A. Ropstad  
Nils G. Østerhus  
*etter valet 2011:*  
Bjørn Ropstad  
Finn Bjørn Rørvik

## OBSERVATØRAR MED MØTE- OG TALERETT

### AUST-AGDER FYLKESKOMMUNE

Arild Eielsen

Laila Øygarden  
Oddvar Skaiaa  
*etter valet 2011:*  
Bjørgulv Sverdrup Lund  
John-Olav Strand

### RÅDMENNENE I DEI

#### SAMARBEIDANDE KOMMUNANE

Bykle kommune  
Tallak Hoslemo

Valle kommune  
Arne Tronsen /  
Elise Marie Kringen /  
Eivind Berg

Bygland kommune  
Trine Pettersen Grønbech /  
Åsmund Lauvdal

Evje og Hornnes kommune  
Jens Arild Johannessen

### DAGLEG LEIAR, SETESDAL REGIONRÅD

Signe Sollien Haugå

## REPRESENTANTSKAP I IKS

Styret i regionrådet utgjer representantskap i dei interkommunale selskapa i Setesdal:  
Setesdal brannvesen IKS  
Setesdal miljø og gjenvinning IKS  
Setesdalsmuseet IKS /  
Setesdalsmuseet eigedom IKS  
Setesdal revisjonsdistrikt IKS

*\* I tillegg kjem representantar frå Iveland til alle IKSene. Aust-Agder fylkeskommune er medeigar og representert i museet.*

Konstituering av nye leiarar av representantskap i dei interkommunale verksemdene (IKS):

### SETESDAL BRANNVESEN IKS

leiar Leiv Rygg (2012-2013)  
nestleiar Tarald Myrum (2012-2013)

### SETESDAL REVISJONSDISTRIKT IKS

leiar Bjørn Ropstad (2012-2013)  
nestleiar Leiv Rygg (2012-2013)

### SETESDAL MILJØ OG GJENVINNING IKS

leiar Jon-Rolf Næss (2012-2013)  
nestleiar Tarald Myrum (2012-2013)

### SETESDALSMUSEET IKS

leiar Tarald Myrum (2012-2013)  
nestleiar Jon-Rolf Næss (2012-2013)

### SETESDALSMUSEET EIGEDOM IKS

leiar Tarald Myrum (2012-2013)  
nestleiar Leiv Rygg (2012-2013)

## REPRESENTASJON, OPPNEMNINGAR, UTSENDINGAR O.A.:

### VASSDRAGSSTYRET FOR NEDRE OTRA

Observatør til styret: Knut A. Austad, Leiv Rygg etter valet 2011.

### VASSDRAGSSTYRET FOR ØVRE OTRA

Bjørgulv Sverdrup Lund, Knut A. Austad 1. vara Kay Jeiskelid 2. vara. Leiv Rygg, Tarald Myrum 1. vara og Jon-Rolf Næss 2. vara, etter valet 2011

### KRYPSTIVPROSJEKTET

Bjørgulv Sverdrup Lund, 1. vara Knut A. Austad, 2. vara Kay A Jeiskelid. Leiv Rygg, Tarald Myrum 1. vara og Jon-Rolf Næss 2. vara, etter valet 2011

### KRYPSTIVFONDET

Bjørgulv Sverdrup Lund, 1. vara Knut A. Austad, 2. vara Kay A Jeiskelid. Leiv Rygg, Tarald Myrum 1. vara og Jon-Rolf Næss 2. vara, etter valet 2011

### FORVALTINGSPLAN FOR OTRA /

### VASSDIREKTIVET, REPRESENTANTAR

### ARBEIDSUTVALET

ordførarane

### VASSREGIONUTVALET

Bjørn A. Ropstad, vara Knut A. Austad. Leiv Rygg, med Bjørn Ropstad som vara etter valet.

### REGIONPLAN AGDER 2020

- styringsgruppa: Bjørn Ropstad og Leiv Rygg etter valet
- rådmannsgruppa: Jens Arild Johannesen og så Åsmund Lauvdal
- sekretariatet: Signe Sollien Haugå

### BEDRE STAMVEI PÅ SØRLANDET /

### RIKSVEG SØRLANDET

Kay A. Jeiskelid

### NAV SETESDAL

Rådmennene er styringsgruppe og representantar i partnerskapsstyret

### OVERORDNA STRATEGISK

### SAMARBEIDSUTVAL (OSS)

Jens A. Johannessen

### OSS ARBEIDSUTVAL

Wenche Tangene

### KONSEJONSKRAFTFONDET FOR

### AUST-AGDER

Tallak Hoslemo

### INNKJØPSSENTRALEN OFFENTLIG

### FELLESINNKJØP PÅ AGDER (OFA),

### ARBEIDSUTVALET

Tallak Hoslemo

### FOLKEMUSIKKPROSJEKTET,

### STYRINGSGRUPPA

Bjørn A. Ropstad

### IKS- VALKOMITÉ, VALPERIODEN

Rådmennene

### TINGINGSDIALOG UIA –

### LISTER, LINDESNES OG SETESDAL

Signe Sollien Haugå

### KS AGDER, REGIONRÅDSUTVAL

Signe Sollien Haugå

### VISIT SØRLANDET, VISIT SETESDAL VIA

### DESTINASJON HOVDEN

Lasse Eidskrem

### Dagleg leiar har desse relaterte styreverva:

- Setesdal Informasjons- og kompetansesenter (SIK): styrerepresentant
- Evje utvikling, observatør til styret
- Destinasjon Hovden – styrerepresentant
- Aust-Agder utviklings- og kompetansefond – styrerepresentant

## RÅDMANNSGRUPPA

Rådmennene drøfter aktuelle saker før og etter handsaming av styresaker i tillegg til mykje anna administrativ samordning mellom kommunane. Rådmannen i Iveland deltek i saker som vedkjem kommunen, t.d. oppfølging av felles interkommunale samarbeid. Den samla kompetansen i rådmannsgruppa i Setesdal er stor og verdfull i høve til mange og krevjande saksfelt. Ikkje minst er samarbeidet ressurseffektivt.

I 2011 innførte ein endå meir arbeidsdeling innafør utlike tema og fagområde. Gruppa har særleg arbeidd med:

- Samhandlingsreforma og helsesatsinga
- NAV-partnerskapet
- Risiko og sårbarheit (ROS) og felles beredskapsplan
- IKS - valkomite for samansetjing av nye styre til dei interkommunale verksemdene og Setpro
- Nye reglar for habilitet
- Prinsippavtale for tenestekjøp og husleigeavtalar mellom kommunane og interkommunale samarbeid
- Oppfølging av eksisterande samarbeid som pedagogisk-psykologisk teneste og barnevern
- Oppretting av nye administrative vertskommune samarbeid med tilsetjing av felles ruskonsulent og eigen psykolog
- Ny avtale for krisesenter
- Drøftingar om bedriftshelse-teneste o.a. dette året
- Etablering og oppfølging av Setedal IKT-teneste

Rådmennene var og styringsgruppe for utgreiingar av eventuelle nye temasamarbeid med forstudie for styrkt samhandling om næringsarbeid og tilsvarande forprosjekt om arealplanlegging.



## PROSJEKTGRUPPER OG SAMARBEID I 2011

- «Naturligvis» – komite
- Setesdalskonferansen – programkomite
- Smaken av Setesdal – styringsgruppe
- Visit Setesdal – reiselivsforum
- Helse – ressursgruppe
- Forstudie – interkommunalt samarbeid arealplanlegging
- Forstudie – interkommunalt samarbeid næringsutvikling

## ADMINISTRASJON – TILSETTE OG FASTE ENGASJEMENT

Dagleg leiar Signe Sollien Haugå er tilsett i 100 % stilling. Siri Alice Øvergård er tilsett i 60% prosjektstilling – delar av året i permisjon. Wenche Tangene vart tilsett som helseprosjektkoordinator i 100 % prosjektstilling. Frode Verpe vart tilsett som prosjektmedarbeidar i 100 % f.o.m. 01.09.2011 for å arbeide særskilt med lokalmedisinske tenester.

Regionrådet har og avtalefest tenestekjøp gjennom Destinasjon Hovden AS for å arbeide med reiselivet regionalt. Vertskommunen yter tenester til mellom anna arkiv, økonomi og rekneskap, datastøtte, sentralbordtenester, kontor med reinhalds- og vaktmeistertenester. Setesdal revisjonsdistrikt IKS er revisor for regionrådet.

**Bjørn Ropstad**

*ordfører*

EVJE OG HORNNES KOMMUNE

**Finn Bjørn Rørvik**

*varaordfører*

EVJE OG HORNNES KOMMUNE

**Leiv Rygg**

*ordfører*

BYGLAND KOMMUNE

**Olav Neset**

*varaordfører*

BYGLAND KOMMUNE

**Tarald Myrum**

*ordfører*

VALLE KOMMUNE

**Frode Verpe**

*varaordfører*

VALLE KOMMUNE

**Jon-Rolf Næss**

*ordfører*

BYKLE KOMMUNE

**Tor Hallvard Mosdøl**

*varaordfører*

BYKLE KOMMUNE

# Handlingsprogram 2011 – oppfølging – kort fortalt

Budsjett og handlingsprogram for 2011 er forankra i utviklingsplanen for Setesdal. Ved inngangen til året hadde styret og representantskapet prioritert dette som gjeremål:

SATSINGSOMRÅDE	STRATEGI	TILTAK
Attraktivitet	Folketalsvekst og rekruttering	Utarbeide rekrutteringsplan
Infrastruktur	Rv. 9 vert bygd ferdig	Utarbeide og vedta ei ny setesdalspakke
	Berekraftig arealforvaltning	Sikre eit sterkt fagmiljø innan arealplanlegging
Næringsutvikling	Kunnskapsbasert vekst og nyskaping	Vidareutvikle regionale nettverk og møteplassar for næringslivet  Gjennomføre eit FOU-prosjekt innan immobile ressursar, innovasjon og verdiskaping i landbruk og reiseliv
	Utnytte lokale føremonar	Vidareutvikle ei sams og koordinert reiselivssatsing  Arbeide aktivt for at regionen vert eit føredøme i satsing på bioenergi
	Koordinert og profesjonelt næringsapparat	Få fram korleis næringslivet kan bruke næringsapparatet og offentlege satsingar
	Interkommunalt samarbeid	Samordna tenesteproduksjon
Interkommunalt samarbeid	Aktiv bruk av IKT	Etablere eit formelt IKT-samarbeid
	Lærelyst og kompetanse	Utvikle eit godt tilbod innan etter- og vidareutdanning
	Trygt, kompetent og nært helsetilbod	Møte helsereforma på ein aktiv måte, mellom anna gjennom ei vidareføring av prosjekt som er sette i gang  Vere førebudd på eldrebølgja gjennom eit godt utdanningstilbod og aktiv rekruttering innan helserelevante yrke
	Attraktiv arbeidsgjevar	Etablere ein sams arbeidsgjevarpolitikk og samarbeide om å rekruttere, utvikle og halde på dugande tilsette

## OPPFØLGING – HANDLINGSPROGRAM 2011

### TILTAK 1: LUK / BULYST

Hovudmål for prosjektet er å auke folketalsveksten og utvikle attraktive lokalsamfunn i Setesdal. Aust-Agder fylkeskommune finansierte gjennomføring av ei flyttemotivundersøking mellom til- og fråflyttarar dei siste 3 åra. Agderforskning gjennomførde oppdraget. I tillegg til intervju, vart det gjennomført ein workshop med kommunane om det same temaet. Styringsgruppa tilrådde vidareføring som skulle fokusere på å redusere fråflytting ved å auke trivselen generelt og setje i verk tiltak mot spesifikke mistrivselmønster. Prosjektet ville og arbeide for attraktivitet generelt, med konkrete tiltak for langsiktig omdømebygging og med å konkretisere og gjennomføre tiltak for trivsel og tilflytting. Kommunane skulle klårgjere eigne mål som underlag for felles tiltak og strategiarbeid. Styringsgruppa var og oppteken av møteplassar for primære målgrupper for til- og tilbakeflytting, slik som yngre menneske i etableringsfase, etter utdanning. Dette kunne gjerast med t.d. årleg «bulyst-seminar» for aldersgruppa 25-35 år.

### TILTAK 2: RIKSVEG 9

har vore ei prioritert sak også i 2011. Vi arbeidde ut eit konseptnotat som innspel til stamvegutgreiningane (rutevise rapportar og underlag for ny Nasjonal transportplan). Ny og revidert målsetjing vart «gul midtstripe til Hovden innan 2023». For å auke kapasiteten og vidareføre eit aktivt påverknadsarbeid vart ein hausten 2011 samde om å etablere eit prosjekt med mellom anna tilhøyrande prosjektorganisering. \*

### TILTAK 3: BEREKRAFTIG AREALPLANLEGGING

Det vart gjennomført ein forstudie for å avklare potensialet for eventuelt styrkt samarbeid innafor arealplanlegging mellom kommunane. Prosjektleiar var Agnete Rieber-Mohn. Prosjektgruppa tilrådde vidare konkretisering i forprosjekt. Forstudien vart handsama i rådmannsgruppa (styringsgruppa for prosjektet). Av kapasitetsomsyn vart vidareføring av prosjekt og politisk handsaming i kommunane utsett til 2012.

### TILTAK 4: VIDAREUTVIKLE REGIONALE NETTVERK OG MØTEPlassAR FOR NÆRINGSLIVET

Setesdalskonferansen vart gjennomført. Det vart og skipa til fleire ulike arrangement for og i samarbeid med næringslivet innafor ulike bransjar, slik som reiseliv og landbruk, og med ulike tilbod om kurs og kompetansetilbod. Arbeidet med nystarting av Setesdal næringshage vart sett i gang for m.a. å sjå på korleis samhandlinga og tilboda til etablerarar og næringsliv kunne verte meir effektfullt.

**TILTAK 5:  
GJENNOMFØRE EIT FOU-PROSJEKT**  
innan immobile ressursar, innovasjon og verdiskaping i landbruk og reiseliv. Reiselivet gjennom Destinasjon Hovden var med i Arena usus til ein fekk melding om at ein var skifta ut i 2011. Det vart etablert eit VRI-prosjekt (spikermatteprosjekt) med finansiering frå regionale forskingsfond. Tema var kartlegging av kultur og opplevingar langs riksveg 9.

**TILTAK 6:  
VIDAREUTVIKLE EI SAMS OG  
KOORDINERT REISELIVSSATSING**  
Tenestekjøpet frå Destinasjon Hovden er vidareført. Ressursgruppa og arbeidsgrupper var oppretta m.a. for å arbeide med merkevarestrategi. Resultat: «Setesdal – Noreg tett på!» Det er og gjennomført mange marknadstiltak, kampanjar, kompetansetiltak osv. \*

**TILTAK 7:  
BIO-ENERGI-SATSING**  
er det ikkje arbeidd aktivt med.

**TILTAK 8:  
FÅ FRAM KORLEIS NÆRINGSLIVET  
KAN BRUKE NÆRINGSAPPARATET OG  
OFFENTLEGE SATSINGAR**  
Det har vore arbeitt noko med tiltaket. I tillegg har det vore ymse redaksjonelle oppslag om næringsssaker der føremålet har vore å informere om rolla deltakarane har hatt som tilretteleggjarar. Det vart og sett i gang eit forprosjekt for å sjå på organisering og innhald med tanke på brukar- og tenesteyting. \*

**TILTAK 9:  
UTVIKLE RASJONELLE ARBEIDS-,  
SAMHANDLINGS- OG MØTEFORMER  
MELLOM KOMMUNANE OG  
INTERKOMMUNALT SAMARBEID**  
Rådmannsgruppa og dagleg leiar utvikla prinsippavtale for tenestekjøp, reviderte prising og utarbeidde standard husleigeavtale mellom kommunane og interkommunale samarbeid. Representantskapet etterlyste felles distribusjon og intranett eller nettportal for å samordne distribusjon av saks-papir frå IKS og regionrådet i desember 2011.

**TILTAK 10:  
ETABLERE EIT FORMELT IKT-SAMARBEID**  
I 2011 vart Setesdal IKT-teneste etablert som vertskommunesamarbeid, med Bykle som vertskommune. Lars Erik Domaas vart tilsett som dagleg leiar. IKT-tilsette i kommunane vart tilsette i det nye samarbeidet. \*

**TILTAK 11:  
UTVIKLE EIT GODT TILBOD INNAN  
ETTER- OG VIDAREUTDANNING**  
Samarbeidet med Lister og Lindesnes mot Universtetet i Agder vart vidareutvikla. \*

**TILTAK 12:  
MØTE HELSEREFORMA PÅ EIN AKTIV MÅTE,**  
mellom anna gjennom ei vidareføring av prosjekt som er sette i gang. Høgt prioritert gjennom heile året. \*

**TILTAK 13:  
VERE FØREBUDD PÅ ELDBREBØLGJA**  
gjennom eit godt utdanningstilbod og aktiv rekruttering innan helserelevante yrke. Aktiv oppfølging av noverande tilbod om distriktsvenleg sjukepleiarutdanning. Planlagt og tinga nytt studium med siktemål på start hausten 2012.

**TILTAK 14:  
ETABLERE EIN SAMS  
ARBEIDSGJEVARPOLITIKK,**  
samarbeide om å rekruttere, utvikle og halde på dugande tilsette. Dette er gjennomgåande tema og fokus i rådmannsdrøftingane. Som tema ligg det under i alle nye samarbeidstiltak for å styrkje fagmiljø i samråd med dei tilsette.

\* Sjå eige oppslag lenger bak



Riksveg 9 er svingar seg opp Byklebakkane. Vi ønskjer at fleire skal oppleve Setesdal og kome trygt og raskt fram – anten dei skal på helg- og fritidsrekreasjon her – eller dei er på reisefot til fjordane i vest. Å få gul midtstripe krev både kraft og uthaldenheit for å kome i mål – just som ein god syklist!



KAY A. JEISKELID  
LEIAR AV RV 9-ARBEIDET

## Riksveg 9 – livsåra i Setesdal

Riksveg 9 er livsåren for busetting og arbeid i Setesdal. Vegsaka har vore høgt på den politiske dagsorden så lenge regionrådet har eksistert. Dei politiske nestorane med Kay A. Jeiskelid, Knut A. Austad og Laila Øygarden i spissen har sikra gjennomslag og posisjonering lokalt, regionalt og nasjonalt. Utfordringa no er å sikre samla restutbygging i ny nasjonal transportplan.

Målet har vore å sikre Rv 9 som prosjekt for strekningsvis, kontinuerleg og heilskapleg utbygging, med ferdigstilling innan 2020. Vi utarbeidde ei konseptskisse som innspel til høyringa av rutevise rapportar for stamvegrutenettet. Bodskapen var nøktern, men kontinuerleg utbygging.

### Argumentasjon:

- Regionforstørring
- Landsdels – og regionsamband med kontinentet
- Næringsutvikling
- Folketalsutvikling, livskraft og dynamikk (bu- og arbeidsmarknad – regionsenteret)
- Avbøte faktiske avstandsulemper (øvre Setesdal – Kristiansand og Arendal)
- Rimelege forventningar – realistisk utbygging (verdiskaping frå Setesdal til storsamfunnet pr år: kraftregionen yter 5,2 TWH årleg. Det tilsvarar 2,2 mrd. (og 550 mill. i mva.) pr år til staten.

Lokalpolitisk vart parsell-rekkefølge og prioriteringar omdiskutert – og ein fekk aksept for nødvendige endringar etter behov.

Den 24. juni 2011 vart det gjennomført synfaring av riksveg 9. Med på dette var mellom andre stortingsrepresentantane Freddy de Ruiter og Ingebjørg Godskesen som sit i transportkomiteen.

I arbeidet med ny NTP (2014-2023) vart kostnadsbiletet revidert og dialog om samfinansiering med departement og statsråd kom i gang. Fylkestinget godkjende revidert strategi for bruk av konsesjonskraftmidlar til planlegging og utbygging. Regionrådet dekkja kostnader til kulturminneregisteringar for ein parsell. Det vart laga ein informasjonsfilm for Rv 9 som mellom anna vart presentert for transportkomiteen på Stortinget i samband med vegkonferansen i Arendal 9. mai.

Vi hadde fleire møte med Vegdirektoratet i 2011 for å sikre kontinuitet i planlegging og utbygging, og finansiering.

I samband med valkampen vitja samferdsleminister Magnhild Melltveit Kleppa Setesdal 3. september. Ho lova samstundes finansiering slik at neste parsell Tveit-Langeid kunne lysast ut på anbod.



Synfaring av Rv 9 med stortingsrepresentantane F. de Ruiten og I. Godskesen. Oddvar Skaiaa har både som fylkes- og varaordførar vore ein viktig pådrivar i arbeidet. På bilete er og m.a. ordførarane, prosjektleiar for Rv 9 frå 2. halvår 2011; Kjell Pedersen-Rise og representant frå næringslivet og Setesdal bilruter, Terje Greibesland.



Byglandsordføraren Knut Austad og fleire andre hadde helsingar ved vegopninga.



Parsellen Ose Nord – Tveit vart opna av fylkesordførar Laila Øygarden 22. sept. 2011.



På biletet: T. Myrum, K.G Fløystad, M. Meltveit-Kleppa, K.I. Davik, H. Tobiassen, K.A. Jeiskelid og B. A. Ropstad, 3. sept. 2011.

I møte med Agderbenken på Stortinget 28. november 2011 var budskapet at vi ønskjer:

- Omtale av Rv 9- prosjektet i ny NTP (2014-2023)
- Forpliktande utbygging for 450 mill i 1. handlingsplanperiode, på sikkert rammenivå.
- «Gul midtstripe innan 2023.»

### **RV 9-PROSJEKTET**

Hausten 2011 vart Riksveg Sørlandet avvikla. Det vart oppretta eit nytt samarbeid for dei prioriterte veg-prosjekta i landsdelen. Regionrådet etablerte eit eige prosjekt for å stø dette og for å vidareføre og forsterke eige påverknadsarbeid framover.

#### **Styringsgruppe:**

Kay A. Jeiskelid Setesdal regionråd  
Leiv Rygg Setesdal regionråd  
Bjørgulv Sverdrup Lund –  
Aust-Agder fylkeskommune  
Siri Mathiesen NHO

#### **Leiar av styringsgruppa:**

Kay A. Jeiskelid

#### **Arbeidsgruppe:**

Aust-Agder fylkeskommune:  
Ola Olsbu  
Statens Vegvesen:  
Harald Tobiassen og Erling Jonassen  
Setesdal regionråd:  
Signe Sollien Haugå og  
Kjell Pedersen-Rise  
Prosjektansvarleg: Signe Sollien Haugå  
Prosjektleiing: Kjell Pedersen-Rise,  
Bykle og Hovden Vekst AS.

#### **Prosjekt mål:**

Regionen skal framstå med felles prioriteringar i påverknadsarbeidet, og samarbeidet skal forsterke kultur for samhandling om sentrale utfordringar.



**WENCHE TANGENE**  
PROSJEKTKOORDINATOR

# Helsesatsing og Samhandlingsreforma

Kommunane i Setesdal møtte Samhandlingsreforma med blick på kompetanse, kapasitet, kvalitet, teknologi og organisering til beste for pasientane. Dyktige fagpersoner og prosjektleiarar har satt småkommunane på kartet i høve nasjonale styresmakter. Vi har og blitt møtt av Sørlandet sjukehus på ein framifrå måte – som inspirerer til samhandling i praksis!

## **LOKALMEDISINSKE TENESTER SETESDAL**

Prosjektet Lokalmedisinske tenester Setesdal var i 2011 samansett av fleire delprosjekt, med samarbeidslinjer mellom kommunane i setesdalsregionen og Sørlandet sykehus HF (SSHF) og interkommunalt i regionen.

Kartlegging vart sett i gang for å finne ut kva behov og ambisjonar den enkelte kommunen hadde i samband med framtidige ytingar av helse-tenester til innbyggjarane. Det vart etablert tverrfaglege ressursgrupper i kvar kommune. Gjennom strukturert innsamling av data og dialogmøte definerer kommunane sjøve behovet for interkommunalt samarbeid. Det interkommunale helseprosjektet vart i 2011 samla under paraplynemninga «Lokalmedisinske tenester Setesdal».

## **Fokusområde:**

- Nye metodar for pasientbehandling i kommune-helsetenesta
- Kvalitet på tenestetilbodet isamsvar med BEON («beste effektive omsorgsnivå»),
- Betre helse mellom folk – førebbyggjande og helsefremjande tiltak
- FoU

## **Det interkommunale helseprosjektet i Setesdal / LMT Setesdal hadde desse delprosjekta i 2011:**

- Demensteam og pårørandskule – hovudprosjekt
- Strategisk satsing på IKT – forprosjekt
- Telemedisin – hudprosjekt i samarbeid mellom Bykle og Valle legekantor og Kristiansand
- FoU- prosjekt sjukepleiedokumentasjon, i samarbeid med UiA
- Psykisk helse og rus, i samarbeid med Sørlandet sykehus avd. ARA, DPS Aust-Agder og NAV – forprosjekt
- Lokalmedisinsk senter (LMS) / Lokalmedisinske tenester (LMT)



**BJØRN HARALD HAGEN**  
PROSJEKTLIAR  
EVJE OG HORNNES KOMMUNE

### **DEMENSTEAM OG PÅRØRANDESKULE / AMBULANTE FAGTEAM**

Delprosjektliar og demenskoordinator er Bjørn Harald Hagen.

Hovudoppgåvene til demensteamet er å kartlegge og greie ut heimebuande pasientar med mistanke om demens, i tillegg til å arrangere pårørandeskule årleg. Teamet starta verksemda si 01.01.11 og har 6 medlemmer, 1 demenskontakt frå kvar kommune i 10 % stilling, demenskoordinator i 30 % stilling, og rådgjevande lege engasjert på timebasis.

#### **KARTLEGGINGAR OG UTGREIINGAR**

Demensteamet gjer til vanleg kartleggingane sine heime hjå pasienten. Det vart gjennomført 19 kartleggingar i 2011.

#### **PÅRØRANDESKULE**

Det vart gjennomført 6 kveldar med pårørandeskule i februar og mars. Det var 11 deltakarar, og samlingane vart haldne i lokala til Frivilligsentralen i Bygland. Pårørandeskulen er eit kurs-tilbod til dei som har ein familiemedlem eller nær ven med demenssjukdom. Responsen frå deltakarane var svært god.

#### **PÅRØRANDEKAFÉ**

Tilbodet har kome i stand etter framlegg frå deltakarar på pårørandeskulen. Tiltaket har hatt relativt lita oppslutning og vert inntil vidare lagt på is.

#### **KOMPETANSEBYGGING**

Demensteamet er med i demensfagnettverket i fylket og anna fagrelatert aktivitet.



**KATRINE HOMDRUM**  
PROSJEKTLIAR  
EVJE OG HORNNES KOMMUNE

### **STRATEGISK SATSING PÅ IKT**

Delprosjektliar er Katrine Homdrum.

Målet er å ta i bruk gode og brukarvenlege samhandlingsløysingar i Setesdal. Det fører med seg elektronisk samhandling innanfor kommunehelsetenesta, i pleie og omsorg og med andrelinetenesta, gode helsetenester til innbyggjarane og effektiv ressursutnytting gjennom bruk av e-Helse, opplæring, kompetansedeling og fagutvikling. Ein får stordriftsfordelar gjennom felles utstyr, programvare og drift.

#### **Hovudfokus 2011:**

- Elektronisk samhandling og meldingsutveksling
- Bruk av elektroniske verktøy i pasientbehandlninga
- Bruk av IKT med internett i kompetanseutvikling, utveksling og opplæring

#### **Dette er sett i verk:**

- Felles it-system legekantora og helsestasjonane
- Pleie og omsorg og psykisk helseteneste – felles plattform.
- Sosial- og barnevern – like fagsystem på plass
- Prosedyreverk installert og teke i bruk.
- Felles abonnement Norsk Helsenett og meldingssystem i innfasing.
- Felles drift av serverar og vaktordning under etablering
- Videokonferanseutstyr – pleie / omsorg og helse.

**STEIN VABO**  
PROSJEKTLIAR  
BYKLE KOMMUNE

### **TELEMEDISIN / HUDPROSJEKT**

Delprosjektliar er Bodil Bach, Nasjonalt senter for samhandling og telemedisin.

#### **TELEMEDISINSK HUDPROSJEKT**

vart gjennomført i 2011. Prosjektet har vore eit samarbeid mellom fastlege i Bykle (Stein Vabo) og hudspesialist i Kristiansand (Paul Otto Johnsen). Mange pasientar fekk før utgangen av året ein konsultasjon hjå spesialist med hjelp av VK-utstyr og stillbilete lokalt i Bykle. Partane er godt nøgde med utprøvinga, men det manglar nødvendige finansieringsordningar innanfor telemedisin. Det bør kome statlege refusjonsordningar. Prosjektet vert ført vidare i drift. Det finst eigen sluttrapport frå prosjektet.

**GRETE VABO**  
PROSJEKTLIAR  
UNIVERSITETET I AGDER

### **SJUKEPLEIEDOKUMENTASJON**

Dette er eit forskingsprosjekt med Grete Vabo som leiari.

Det interkommunale prosjektet om sjukepleiedokumentasjon frå året før har halde fram i 2011. Formålet med arbeidet er å lage gode rutinar for kartlegging og dokumentasjon av sjukepleie i fagsystemet for pleie og omsorg og psykisk helseteneste (Profil). Eit felles kartleggingsdokument for Profil skal også på plass. Kartleggingsdokument har no kome inn kommunalt fagsystem. Det skal prøvast ut i månadene som kjem, og så evaluerast.





**KJERSTI PLATHE**  
PROSJEKTLIAR  
BYGLAND KOMMUNE



**FRODE VERPE**  
PROSJEKTLIAR

## PSYKISK HELSE OG RUS

Delprosjektliar er Kjersti Plathe.

Prosjektet skal medverke til å sikre pasientar og barn / pårørande eit godt tilbod nær dei. Vi har fokus på å etablere sterke fagnettverk, kvalitet i tenestene og rekruttering av kompetanse framover. Interkommunale løysingar skal greiast ut for å styrke pasienttilbodet gjennom etablering av arenaer og utvikling av arbeidsmetodar for tverrfagleg samarbeid, og samarbeid på tvers av kommunegrensar og behandlingssnivå – og å sikre eit individuelt, tilpassa tenestetilbod.

Prosjektet har også arbeidd med:

- Sjølvhjelpsgrupper
- Brukarmedverknad
- Individuell plan som verktøy
- Akutt- ambulante team
- Avtaleutvikling om born som pårørande
- Interkommunal nettverksgruppe

Vi har vore representert i ulike utval og arbeidsgrupper i SSHF: Bjørgulv T. Berg i områdeplanen for tverrfagleg spesialisert behandling, Kjersti Plathe i; overordna prosjektgruppe ved Klinik for psykisk helse, psykiatri og avhengighetsbehandling og i gruppe for nye retningslinjer for Akutt-ambulante team. Kjersti Plathe og Sigrun Horrisland i kompetansenettverk for brukarkunnskap ved UiA. Prosjektliar har vore med på eit program i innovasjonsleiing. Det er gjennomført kurs i individuell plan, studietur, og prosjektet har vore presentert i nasjonale fagkonferansar.

## TVERRFAGLEG SPESIALISERT BEHANDLING

Avdeling for rus og avhengighetsbehandling starta hausten 2011 eit behandlingstilbod med tilhald på psykiatrisk poliklinikk på Byglandsfjord. Ein behandlar frå Legemiddel Assistert Rehabilitering, og ein frå Allmennteamet kjem ein dag anna kvar veke til Byglandsfjord. Tilbodet går ut på å følgje opp pasientar direkte, deltaking i tverrfaglege ansvarsgrupper og rettleiing av personale i enkeltsaker.

## INTERKOMMUNAL PSYKOLOGSTILLING

Kommunane feikk i juni lovnad om tilskot til modellutprøving for psykologar i kommunehelsetenesta. Modellen går ut på samlokalisering av psykologar og fastlegar i kommunen. I november vart ein psykolog tilsett med Evje og Hornnes kommune som vertskommune. Psykologen har hovudkontor på Evje og eit utekontor i Valle. Evje og Hornnes kan nytte 40% av stillinga, dei andre kommunane 20% kvar.

## INTERKOMMUNAL RUSKONSULENTSTILLING

I juni 2011 fekk kommunane tilsegn om 550 000 kr i tilskot frå Helse- direktoratet for å opprette ei interkommunal ruskonsulentstilling. Ruskonsulenten byrja i stillinga 14. desember. Evje og Hornnes kommune er vertskommune. Ruskonsulenten skal ha hovudkontor på Evje og utekontor i Valle. Evje og Hornnes kan bruke 40% av stillinga, dei andre kommunane 20% kvar.

## FRISKLIVSTILBOD OG LÆRINGS- OG MEISTRINGSTILBOD

Delprosjektliar Frode Verpe.

Samhandlingsreforma fører med seg store utfordringar for kommunane innafor folkehelsearbeid og generelt førebyggjande helsearbeid.

Det er krav om auka kompetanse og innsats på systemnivå. Det vil seie m.a. å bygge opp system som identifiserer og gjev oversikt over helsetilstanden hjå folk og kva for faktorar som påverkar helseutviklinga positivt og negativt. Med til dette høyrer også kommunens ansvar for å ivareta helseperspektivet i kommunale planprossar etter plan- og bygningslova (Helse i Plan).

Likeins er det krav om meir kompetanse og innsats på operativt nivå. Det vil seie å bygge opp tenester som identifiserer personar med risiko for å utvikle helseplager og sjukdom og som sikrar oppfølging av desse gjennom tilpassa tiltak. Samhandlingsreforma trekkjer fram førebygging, læring og meistring knytt til ernæring, fysisk aktivitet og tobakk. For å få til eit heilskapleg arbeid i kommunane er det avgjerande med kompetanse og ressursar på baa nivå. Det eine føreset det andre. Det er lite å hente på høg kompetanse og ressurstilgang på systemnivå dersom dette ikkje vert følgt opp operativt og motsett. Prosjektgruppa som har arbeitt med dette i 2011 meiner at kompetansen kan og bør etablerast regionalt og tenestene leverast lokalt.



**WENCHE TANGENE**  
PROSJEKTKOORDINATOR

### **DESENTRALISERT SPESIALISTHELSE- TENESTE**

Delprosjektleder Wenche Tangene.

Det er starta samarbeid mellom spesialistar ved SSHF og kommuneoverlegar, kommunelegar og fastlegar i setesdalskommunane. Formålet er å styrkje samhandlinga og overføre kompetanse innan definerte fagområde:

#### **KARDIOLOGI**

I tett samarbeid med fastlegar på Evje og kommunelegar i dei andre kommunane er det sett i gang eit pilotprosjekt med ein desentralisert kardiologisk poliklinikk på Evje. Her får pasientar tilbod om konsultasjonar 1 dag i veka. Legane kan og ha felleskonsultasjonar saman med pasienten. Hausten 2011 var det 81 konsultasjonar, og røynslene så langt er gode. Det er eit mål at verksemda skal omfatte konsultasjonar, undervisning (lege / sjukepleiar), visittgang sjukeheim med tilsynslege osv.

#### **GERIATRI**

Geriatr ved SSHF brukte hausten 2011 ein dag pr. kommune til visitt på sjukeheimane og gjennomgang av medisiner og andre problemstillingar som tilsynslegane ønskte å drøfte. Både kommunane og sjukehuset ser nytte av dette. Samarbeide om heimebuande pasientar som får heimebaserte tenester kan og bli aktuelt.

#### **DIABETES**

Gjennomført poliklinikk – positive røynsler frå pasientane, også positivt med tanke på kompetanseoverføring til fastlegane.

### **SØRLANDET SYKEHUS HF – SAMARBEID OG SAMHANDLING I PRAKSIS**

Samarbeidet med Sørlandet sykehus HF er svært godt, og ein ser tydeleg at prosjekta aukar kunnskapen om arbeidsområda til dei som er med og styrkjer samhandlinga mellom nivåa. Ein suksessfaktor for dette har vore engasjerte legar og andre fagfolk både i helseføretaket og kommunane. Dei ønskjer alle å hjelpe til med å finne gode løysingar til beste for pasientane. Kompetanseutveksling og hospiteringsordningar er svært verdifullt.



Prosjektgruppa i samarbeidsprosjektet med SSHF om desentraliserte spesialisthelsetenester til vår region representert ved: Anne Brit Dræge, Else Kristin Reitan, Wenche Tangene, Åsolv Horverak, Gunnar Hall-Skavoll, Stein Vabo, Ole Rysstad og Jens Arild Johannessen – som leiar av styringsgruppa. Bjørn Ropstad for vertskommunen.

### **OVERORDNA STRATEGISK SAMARBEIDSUTVALG (OSS)**

Det er etablert eit overordna strategisk samarbeidsutval mellom Sørlandet sykehus HF, kommunane i Agder og brukarorganisasjonane SAFO og FFO. Samarbeidsutvalet har til saman 12 medlemmer. Setesdalsregionen er representert i OSS ved rådmann i Evje og Hornnes kommune, Jens Arild Johannessen. Regionens representant er Wenche Tangene. OSS heldt 5 møte og 2 seminar i 2011. Møta har gått på omgang mellom dei fem kommunesamanslutningane (regionane) og SSHF. Kommunane presenterer sin region og relevante prosjekt i OSS. Arbeidsutvalet har hatt som hovudoppgåve å førebu møta og følgje opp vedtekne saker.

Hovudfokus i 2011 har vore å førebu innføringa av Samhandlingsreforma. OSS har koordinert det omfattande arbeidet som har vore gjennomført siste hausten med å utarbeide juridisk og økonomisk forpliktande avtalar mellom kommunane og helseføretaket. OSS har gjort eit strategisk val om å drage lasset for å auke samarbeidet og den regionale koordineringa av satsing innanfor velferds – og omsorgsteknologi i Agder.



Hjartespesialisten, Finn Tore Gjestvang, orienterer fastlegane Ole Kjell Gundersen og Liv Inger Varsi og turnuslege Isabella Kulakowski med styreleiar Bjørn Ropstad som «prøvepasient». Avdelingsleiar for medisinsk avdeling, Gunnar Hall Skavoll, ser til at pasienten har det topp!

## HØYRINGSSVAR FRÅ REGIONRÅDET I 2011

I 2011 gav vi uttalar til m.a.:

- Plan for folkehelse og levekår Agder 2010-2013, Setesdal regionråd
- Strategisk plan Sørlandet sjukehus SF
- Ny Folkehelselov frå Setesdal regionråd
- Ny helse- og omsorgslov frå Setesdal regionråd

## FAGDAG – HELSE OG SAMHANDLING 29. NOVEMBER 2011

I samarbeid med Evjeklinikken inviterte regionrådet kommunane i Agder til temamøte om helse og samhandling. Målgruppe var legar, helsesystrar og anna fagfolk innanfor førebygging, rehabilitering og folkehelse. Evjeklinikken presenterte behandlingsopplegg, FOU og digitale verktøy, og informerte mellom anna om familieopplegget med born i fokus. Det var vel 40 deltakarar.

## EVJEKLINIKKEN AS – AKSJEKJØP

Regionrådet gjekk i 2011 inn på eigarsida i Evjeklinikken, etter ønske om å styrkje det regionale eigarskapet og for å vere med i utviklinga innan helseområdet. Styret vedtok å kjøpe ca. 10 % av aksjane i Evjeklinikken AS. Regionrådet vil og gå aktivt inn for å medverke til etablering av lokalmedisinske tenester her i samarbeid med Sørlandet sykehus. Ein ser føre seg næringsutvikling i retning av helseklynge på Evjemoen og eit forbetra interkommunalt helsetilbod i regionen, i tråd med intensjonane i samhandlingsreforma.



«Smaken av Setesdal» er eit prosjekt med for deg med medvit om kortreist mat, kvalitet, lokal foredling og lokal verdiskaping! Bli kjent med nokre av produkta, produsentane, utsalsstadane og serveringsverksemdene som er her. Ei av dei er Ingebjørg Hodne. Ho baker brød i eigen bakaromn i løa som er innreia til selskapslokale på Hodne gard. Brødet blir servert med «Søren så godt- smør».

# Attraktivitet – identitet – omdømebygging

Setesdal er eit sterkt merkenamn. Merkevara representerar både mangfald, trend og tradisjon og ektheit. Dei unge er våre ambassadørar og berarane av kulturell eigenart framover. Samstundes ønskjer vi å by gjestar gode opplevingar anten det gjeld matkultur, friske naturopplevingar, adrenalin-kick og aktiviteter som sanslege! Setesdal – Noreg tett på!

## **NATURLIGVIS**

I 2011 sette vi fokus på lokale råvarer og serveringsverksemdar som har matkultur i høgsetet. Mange lokale produsentar og verksemdar vart samla og presenterte under arbeidstittelen «Smaken av Setesdal». Inge Eftevand, Lars Johan Skjeggedal, Inge Olav Fjalestad, Rune Ingebretsen og Sigrid Bjørgum gjennomførte tiltaket i nært samarbeid med Øyind Nese – Landbrukets dag og i lag med dagleg leiar. Fylkesmannen i Aust-Agder støtta prosjektet.

## **TEMA-AVIS**

Setesdølen kom ut som temaavis til heile Agder i juni 2011 i samarbeid med Setesdal regionråd i eit opplag på 117.000. I avisa var det mellom anna fokus på mangfald av verksemdar, aktivitet i Setesdal, arrangement og festivalar som vart haldne gjennom sommaren, innanfor både musikk, mat, natur, og mykje anna. Det vart også fokusert på næringsutvikling og kva slags tilbod som skal halde fram med å stimulere bygdelivet i Setesdal.

## **FORPROSJEKT – SPRÅKLEG IDENTITET**

Språk og identitet heng nøye saman. Med støtte frå regionrådet er mållaga i Setesdal i gang med eit forprosjekt med fokus på språkleg identitet. Bakgrunn for prosjektet er at fleire av dei lokale dialektane i er i ferd med å døy ut. Målet for forprosjektet er å lyse ut ei stilling til eit 3-årig prosjekt med tittel «Språk og identitet i barnehagane i Setesdal» som gjeld dei fire kommunane Bykle, Valle, Bygland og Evje og Hornnes. Fokus skal altså vere på barnehagar for å kunne styrkje den tidlege språkutviklinga, gjennom leik, høgtlesing, song, rim og regler med lokal innfallsvinkel.



Folkemusikkprosjektet samarbeider med Bygland skule om teateroppsettinga av «Setesdalsbryllaup» basert på tekst av Hans E. Kinck. Det har blitt oppført på Naturligvis, Vest-Agder museet og på Lisle farmen i fleire år. I 2011 var dei og engasjert med fleire framсыningar på Tall Ships Race i Stavanger. Stor takk til prosjektleiar Trond Mikkelsen for entusiasme og innsatsen i prosjektet!

#### FOLKEMUSIKKPROSJEKTET I SETESDAL

Folkemusikkprosjektet i Setesdal, «Setesdalsfolk», er eit samarbeid mellom Bykle, Valle og Bygland kommunar, Setesdal spelemannslag, Aust-Agder fylkeskommune og Setesdal regionråd. Trond Mikkelsen frå Stavanger var tilsett som prosjektleiar for 3 år.

Prosjektet har vore i aktivitet sidan 2008, stadig med eit overordna mål om å rekruttere til og mobilisere folkemusikkmiljøet i Setesdal. Bakgrunnen for dette er at folkemusikken og dansen er ein viktig del av kulturarven, og at kultur byggjer identitet. Folkemusikkprosjektet arrangerte fleire aktivitetar, særleg retta mot born og ungdom. Setesdalskonsertane, i regi av folkemusikkprosjektet i Setesdal, er plattform for utøvarar i alle aldrar. Utøvarane vert gjort meir synleg og tilgjengeleg.

I 2011 arbeidde prosjektleiar godt inn mot skulane, og med å skape interesse, arenaer og miljø for utøving av folkemusikken. Setesdalsfolk inviterte til kurs i folkedans og folkemusikk i Bykle 21.-23. januar 2011. Kurset var særleg retta mot dei som driv med, eller ønskjer å lære meir om, formidling av folkemusikk og folkedans. Elevar frå Bygland skule deltok med fleire føresteillingar med «Eit setesdalsbryddaup» av Hans E. Kinck på hovudscena til Tall Ships Race i Stavanger – arrangementet som har omlag 450 000 gjester.

#### KULTUR OG OMDØMEBYGGING

Regionrådet har gjeve mindre tilskot for å støtte kulturtiltak med regionalt tilsnitt, sidan desse både byggjer opp under fellesskap, trivsel og god omdømebygging for Setesdal. «Setesdal syng Abba» var eit «prosjekt-» og setesdalskor som song Abba-låtar på nynorsk og hadde framføringar frå nord til sør. Initiativtakar og prosjektleiar var Valle kommune ved Torunn Charlotte Nyberg Lund. 40 personar frå Bykle, Valle, Bygland og Evje og Hornnes stilte opp på korøvingar under musikalsk leining av Tina Høgevold og Magnus Tveiten. Målet var å samle songglade vaksne frå heile Setesdal og ha det moro saman.



Aust-Agder benken på Stortinget; Freddy de Ruiten, Svein Harberg, Ingebjørg Godskesen og Kjell Ingolf Ropstad er verdfulle støttespelarar for Setesdal.

# Arrangement – synlege i samfunnsdebatten

I Setesdal har vi gleda av å vere omgitt av entusiastiske og engasjerte politikarar på Stortinget, i Fylkestinget og på kommunenivå. Setesdalstinget er i ferd med å finne si form som eit viktig arrangement der politiske signal og felles budskap blir meisla ut.

## **SAMKOMMUNE – INDRE NAMDAL – STUDIETUR**

Indre Namdal har etablert samkommune som eit forsøk, der ulike tenesteområde vert styrde gjennom felles kommunestyre. I samband med helseprosjekta og korleis det interkommunale samarbeidet innafor dette og eventuelle andre tema kan formaliserast og organiserast, er vi på leit etter gode døme og røymsler som underlag for vidare drøftingar. 21. og 22. november møtte ein delegasjon frå Setesdal ordførarar, rådmenn og tilsette i samkommunen for å høyre om røymslene. Vi vart tekne vare på av eit fantastisk vertskap som informerte og delte med seg.

## **AGDERBENKEN – MØTE**

Tema for møtet 28. november 2011 var riksveg 9, kort orientering om utfordringar når det gjeld helsesatsinga, finansieringsordningar osb. Det vart framført ønske om å peike ut ei større statleg verksemd eller satsing som kan lokaliserast til Setesdal, i staden for stadige sentraliseringar av offenlege arbeidsplassar.

## **SLAGET OM SKATTE-ETATEN I ØVRE SETESDAL**

Eit offensivt spurtløp i media i samband med kunngjering om nedlegging av skatteetaten i øvre Setesdal resulterte i at ein tryggja eit felles kontor for Valle og Bykle inntil vidare. Dette er særleg viktig for sesongarbeidskraft og korttids-tilsette innafor helsestellet som må ha ny ID kvar gong før dei kan starte i arbeidet. Det handla og om å ha tilgjengelege og fullverdige tenester i distrikta.



Setesdalstinget på Hovden 8-9. juni 2011.

#### **SETESDALSTINGET – HOVDEN 8.- 9. JUNI 2011**

Setesdalstinget vart skipa for å vidareutvikle det gode samarbeidet mellom kommunane og regionen i lag med leiinga i Aust-Agder fylkeskommune og stortingsrepresentantane våre. Inneleiarar som Matz Sandmann tok sats under arbeidstittelen «Frå regionråd til regionkommune?» NIVI-analyse og døme frå m.a. Stryn og Sogndal med ulike strategiar for nyskaping og stadutvikling vart bakteppe for politisk panel med stortingsrepresentantane. Fylkeskommunen informerte om korleis dei er regional utviklingsaktør for regionrådet la fram siste nytt innafor helsesatsinga og samhandlingreforma, og status for handlingsplanen for 2011.

#### **SETESDALSTINGET VEDTOK RESOLUSJONAR OM:**

- Vidareføring av Setesdalstinget
- Fullverdige sjukehus på Agder, både i Arendal og Kristiansand
- Utfordring til styresmaktene til å lokalisere minst ei større offentlig verksemd hit
- Prioritering og oppfølging av vegar og Rv 9 spesielt
- Vidareutvikling av sams og koordinert reiselivssatsing i Setesdal
- Felles løft for Landeskogen som internasjonal freds- og ungdomsarena
- Setesdal skal løftast fram som rekreasjons- og «ladestasjon» for både den nasjonale og europeiske ferie-, fritids- og reiselivsmarknaden
- Å forsterke regionrådet som samlande aktør for plan- og næringsutviklingsarbeidet med førstelineteneste i kommunane
- Støtte til etablering av lokalmedisinsk senter på Evje og styrking av DPS Byglandsfjord i samarbeid med Sørlandet sjukehus, og kompetansebygging inn mot kommunane.

#### **FELLES KOMMUNESTYRE – HOVDEN, 15. DESEMBER 2011**

Tema for dagen var interkommunale samarbeid, organisasjonsformer, styringsmåtar og eigarstyring. Det var og informasjon om fylkeskommunen og regionplanarbeidet, informasjon om helseprosjekta som er i gang, og eit ordsifte om kvar kommunane vil gå i høve meir kommunesamarbeid som opptakt eller motkraft mot debatt om kommunestruktur. Dag Ingvar Jacobsen var hovudinnleiar, medan representantskapsleiar Bjørgulv Sverdrup Lund var konferansier og møteleiar. Ordinært representantskapsmøte vart gjennomført rett etter dette.





Sørlandets Europakontor hadde lagt opp programmet for delegasjonen frå Setesdal. Her ved inngongen til Norway House. Takk for godt vertsskap til Bodil Agasøster og Mathias A Havgar.

#### SKAGERRAK – KONFERANSEN

14.-15. SEPTEMBER 2011

Næringsmedarbeidarane var inviterte av fylkeskommunen til å delta på ein næringskonferanse for skagerrak-samarbeidet. Vi var representerte med 5 personar. I tillegg til konferansedeltaking vart reisetida nytta som oppstartmøte for forstudien om interkommunalt samarbeid innafør næringsutvikling i Setesdal.

#### SØRLANDETS EUROPAKONTOR, BRÜSSEL

Sørlandets Europakontor hadde lagt opp eit program med generell EU-informasjon før skreddarsydde postar som tok føre seg m.a.viktige politikkområde for Setesdal. Det galdt energi- og kraftrelatert reiseliv og regionutvikling, regionalpolitikk og verkemiddel osb. Delegasjonen fekk og møte med ambassadør til EU, Torbjørn Frøysnes.



Torbjørn Frøysnes vart ambassadør og spesialrepresentant for Europarådet til EU i 2008. Delegasjonen frå Setesdal sette stor pris på møtet og føredraget med Setesdølen i Brussel 16-17. mars 2011.



Innovasjon Norge ytte støtte til både merkevareprosess og etablering av biletarkiv. Opptak av nye bilete frå alle årstider og sesongrelaterte opplevingar Setesdal kan by på vart gjennomført.

# Reiseliv – «Setesdal – Noreg tett på!»

Reiselivssamarbeidet vårt har fokus på Setesdal som merkenamn, som reisemål og som reiserute. Felles tiltak i 2011 omfatta mellom anna å etablere felles merkevareplattform, bilet-database, gjennomføre kurs – og drive profilering og marknadsføring av reiselivet i høve norske og utanlandske turistar.

Det regionale reiselivssamarbeidet, som og vert kalla Visit Setesdal, går føre seg gjennom tenestekjøp frå Destinasjon Hovden. Satsinga omfattar ekstern profilering og felles marknadsføring gjennom Setesdalguiden, nettsideprofilering og drifting av Setesdal.com., kampanjar og messe-deltaking, kompetansebygging (kurs), oppfølging av trådlause IP-soner, bannerprosjekt langs Rv 9, internkommunikasjon med kommunane, reiselivsforumet osv.

## **SETESDAL – NOREG TETT PÅ!**

Merkevareprosessen i 2011 involverte aktørar frå verksemdar og offentleg vertskap i heile dalen. Innovasjon Norge medverka med prosess-opplegg, formidling av aktuelle prosessleiarar og gav støtte til tiltaket.

## **FOTO-DATABASE**

Vi fekk og støtte til å etablere felles bilet-database. Anders Martinsen vart engasjert til å fotografere aktivitet, natur og opplevingar gjennom heile året i heile Setesdal. Basen er no gjort tilgjengeleg for verksemdene via nettsida til Destinasjon Hovden.

## **Å VERE SYNLEG I LANDSDELSSELSKAPET**

2011 var eit krevjande år når det galdt å finne ei god og tenleg samarbeidsform med Visit Sørlandet. Styret kom ved fleire høve med krav om å gjere Setesdal meir synleg i landsdelssamarbeidet.

## **SAMARBEID EKSTERN**

Hovden og Setesdal har tett og godt samarbeid med Colorline og Innovasjon Norge gjennom mellom anna deltaking i Visit Norway-kampanjar og felles stand på messer osv. Mediaoppfølging gjev gode oppslag og profilering i landsdelen og i utanlandske media.

## **KURS FOR REISELIVET – GODT VERTSKAP**

I samarbeid med Innovasjon Norge arrangerte Destinasjon Hovden og Visit Setesdal kurset: «Godt vertskap». Kurset retta seg mot reiselivsverksemdar, og dei med vertskapsrolle i ei eller anna form. Kurset vart halde på Sølvgarden 19. – 20. september. Tema var produktutvikling, ulike strategiar for å selje reiselivet, korleis ein kan produktpakke verksemda si og korleis ein kan utvikle tilbodet gjennom å tenkje alternativt og leggje opplevinga til rettefor kunden. Kurset var svært vellykka.

## **ARRANGEMENT**

Setesdalsgildet er ein årleg mat- og kulturfestival med fokus på mat frå Setesdal og områda rundt. Festivalen ønskjer å fremje lokalprodusert mat, og arrangerer salsutstilling, kokkekamp, matgilde (festmiddag) og konsertar. Setesdalsgildet 2011 var lagt til Hovden helga 23.-25. september 2011. Siktemålet er å lyfte fram og styrkje festivalane og arrangementa i dalen framover gjennom koordinering, profilering osv.



Lars Erik Domaas – dagleg leiar i Setesdal IKT – og dei tilsette leverer allereie god nytte av samarbeidet til kommunane sine! Vi gler oss til å følgje utviklinga på IKT-sida.

# Nye interkommunale samarbeid

Kommunane i Setesdal er gode på å etablere samarbeid på alle område der dei ser seg tente med det. Etableringa av Setesdal IKT var det viktigste slike prosjektet som fann si form i 2011.

## SETESDAL IKT-TENESTE

Forprosjektet konkluderte med etablering av samarbeid etter kommunelova §27 nr 2. I 2011 er etableringa realisert og Bykle vart vertskommunen. Lars Erik Domaas vart tilsett som dagleg leiar. Det vart gjort tilsetjingavtalar med dei dataansvarlege i kommunane om tilsetjing i det nye samarbeidet. Kontorstaden er Bykle – med avdelingskontor i Evje og Hornnes – og ulike oppmøtestader.

Føremålet er å dekke behova kommunane har, utføre plikter og oppgåver innafør IKT og fremje utviklinga av tenesteproduksjon, publikumsservice og administrative tenester til kommunane. Setesdal IKT-teneste er tenkt å yte tenester til dei interkommunale samarbeida her. Kjell Pedersen-Rise var engasjert som prosjektleiar i forprosjektet og Erna Larsen i KS-Advokatene hjelpte til med formalisering kring etableringa.

## FORSTUDIE – INTERKOMMUNALT

### SAMARBEID OM AREALPLANLEGGING?

Krava til arealplanlegging er etter kvart vanskelege å møte for små kommunar kvar for seg. Arealforvaltning av ressursar på staden når det gjeld strategisk utviklingsarbeid og å utløyse næringspotensiale gjennom proaktiv planlegging er ønskjeleg.

Forstudien hausten 2011 synte at storleiken og organiseringa av dagens fagmiljø innafør arealplanlegging avgrensar kompetansen, kvaliteten, leveringsevna og gjennomslagskrafta til kommunane. Eit tettare og meir formalisert samarbeid vil styrkje evna kommunane og regionen har til å handtere utfordringane. Forstudien såg på ulike organisatoriske løysingar.

### Dei tilsette innafør fagområda utgjorde prosjektgruppa:

- Knut Erik Paulsen og Elise Nordskog – Bykle
- Liv Elin Frøysnes Berg og Arne Tronsen – Valle
- Kjell Øyvind Berg og Vidar Frøysnes – Bygland
- Jan Hornung og Siv Lie – Evje og Hornnes
- Kåre Kristiansen – Aust-Agder fylkeskommune



Næringsarbeid handlar og om fag, godt handverk og å klare å skape morgondagens arvesølv i regionen.



**AGNETE RIEBER-MOHN**  
PROSJEKTLIAR

Dei tilrådde vidare utgreiing og konkretisering i forprosjekt med desse grunnane:

- Sikre at setesdalsregionen og kommunane tek vare på sine interesser gjennom å forvalte natur- og arealressursane på ein berekraftig og aktiv måte.
- Bygge eit sterkt felles fagmiljø innafor arealplanlegging som gjev god service og utfører ei føreseieleg, framtidsretta og truverdige arealforvaltning frametter.
- Tilrå ein framtidig samarbeidsmodell og greie ut ei konkret organisatorisk løysing som byggjer opp under målsetjinga ovafor.

Aust-Agder fylkeskommune ønskte å støtte dette, og sette av kr. 100.000,- til forprosjekt. Styringsgruppa valde ut frå ei samla vurdering av kapasitet å utsetje oppstart av forprosjektet til 2012.

#### **FORPROSJEKT, NÆRING**

Setesdalstinget tinga i juni 2011 ei utgreiing av eit sterkare regionalt samarbeid innafor næringsarbeidet på kommunalt og regionalt nivå. Agnete Rieber-Mohn vart engasjert som prosjektleiar. Rådmennene vart styringsgruppe.

#### **Prosjektgruppe, fagansvarlege for kommunane:**

Svein Hjorth-Olsen – Bykle  
Rune Ingebretsen – Valle  
Åsmund Lauvdal – Bygland  
Knut Kjetil Møen og Connie Barthold – Evje og Hornnes  
Inge Eftevand for dei landbruksansvarlege  
Signe Sollien Haugå – regionrådet

#### **Referansegruppe:**

Innovasjon Norge,  
Aust-Agder fylkeskommune,  
landbruksavdelinga hjå  
Fylkesmannen i Aust-Agder,  
SIVA og ein ekstern revisor.

Gjennom kartlegging, SWOT-analyse og drøftingar kom gruppa med sine tilrådingar våren 2012. Prosessen vart følgd av ein parallell prosess kring ny-etablering av Setesdal næringshage.



**SIGNE SOLLIEN HAUGÅ**  
KOORDINATOR

# Kompetanse

Kompetanse er ein føresetnad for å ta del i vekstkrafta i samfunnet og for å utløyse ny utviklingskraft både i offentleg sektor og i høve konkurransekraft i privat næringsliv. I det store samfunnsbiletet er utdanning og kompetanse ei langsiktig investering i høve levekår og arbeid. For oss er det strategisk viktig å samhandle med regionane rundt oss – med Setesdal vidaregåande skule og Universitetet i Agder.

## **DESENTRALISERT SJUKEPLEIARUTDANNING**

Dagleg leiar har i samarbeid med Lindesnes- og Listerregionen følgd opp prosjektet overfor Universtetet i Agder (UiA). Setesdal vidaregåande skule har tilrettelagt for praktisk gjennomføring og overføring av undervisninga i auditorium på Hornnes. Avtalen med UiA vart reforhandla og meirkostnadene som regionane var førbudde på å bere, vart reduserte monaleg.

## **PLAN FOR FELLES KOMPETANSETILTAK**

I samarbeid med Lister- og Lindesnesregionane kartla vi behovet for kompetanse og utdanning i regionane. Kartlegginga har fokusert på kommunane, næringsliv, bransjar og bedrifter. Kartlegginga utgjorde grunnlag for dialog med UiA og andre som tilbyd høgare utdanning. Målet har vore å få føreseieleg utvikling av studietilbod. Dette var grunnlag for ei omforeint prioriteringsliste for aktuelle tilbydarar av etter- og vidareutdanning og profesjonsstudium dei neste 4 åra. Arbeidet har vore gjennomført av Lister Kompetanse AS med supplement av Evje Utvikling for Setesdalsregionen. Vanskar med å finansiere nye studietilbod avgrensa oppstarten i 2011.

## **FAGDAG OM ENDRINGANE I PLAN- OG BYGNINGSLOVA 9. MAI 2011**

Setesdal regionråd støtta initiativet Valle kommune synte med å invitere næringsdrivande i byggje- og anleggsbransjen frå kommunane Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle til fagdag om endringane i plan- og bygningslova. Føremålet med fagdagen var å gje ei enkel innføring i kva type søknader som gjeld, funksjonar i byggesaka, slik som ansvarleg søkjar, prosjekterande, utførande og kontrollerande, kva skjema som skal sendast inn til kommunen for dei ulike søknadstypane og til dei ulike funksjonane, i tillegg til ei orientering om kvar ein kan finne hjelp på internett.



I samarbeid med Gründersenteret i Arendal arrangerte vi 3 rekneskapskurs i 2011. Over 70 personar frå private verksemdar deltok på desse kursa.



Kvinnenettverket har gjennom året flere temamøte – der aktuelle innleiara blir engasjert. Her inneia Cecilie Thunem-Saanum om kommunikasjon og tidsbruk. Fleire av tema har blitt til kurs i fortsettinga – t.d. rekneskap.



**CONNIE BARTHOLD**  
PROSJEKTLIAR

#### **VOX – BASISKOMPETANSE FOR NÆRINGSLIVET**

Connie Barthold i Evje Utvikling vart engasjert til å utarbeide prosjektplan og søknad om løyving til å setje i gang opplæringstiltak i 6 verksemdar og kartleggje nye med tanke på eventuell vidareføring i 2012. Setesdal vidaregåande skule utførte sjølv undervisninga i samråd med verksemdene. Bedrifter i både privat og offentlig sektor med behov for å styrkje basiskompetansen til å få skreddarsydde, relevante undervisningstilbod innfor lesing, skriving, data / IKT og matematikk, var målgrupper. Ved å styrkje basiskompetansen, styrkjer ein og konkurransekrafta og den einskilde.

#### **KVINNENETTVERK – STOLTE HANDELSKVINNER I SETESDAL**

Kvinnenettverket tok og opp ønske om å etablere eit felles marknadsføringsprosjekt, «Stolte handelskvinner i Setesdal». Det vart søkt om eksterne pengar for å utvikle felles logo og profil, nettside og statuttar for eit humørfyllt marknadssamarbeid mellom verksemdar. Tiltaket vart lagt på is grunna uavklåra ekstern medfinansiering.

#### **KURS I SAL – REISELIVSVERKSEMDER**

I samarbeid med Innovasjon Norge arrangerte Destinasjon Hovden / visit Setesdal kurs på Sølvgarden 19. - 20. september. Det tok opp innføring i korleis ein arbeider for å selje reiselivet og korleis ein kan utvikle tilbod i samsvar med etterspurnad og marknad. Det kan gjerast gjennom å lage attraktive pakketilbod, regelverk for turproduksjon, kalkulering og produktutvikling, osv. Richard Jacobsen i in2win var kurshaldar.



# Prosjekt med støtte frå Regionrådet

Regionrådet gjev årleg støtte til nokre prosjekt i ein avgrensa prosjektperiode. I 2011 fekk desse slik støtte:

## Ymse kultur / omdøme

Syklar til Cuba	25 000
Mållaga på Agder – forprosjekt	30 000
17. mai-bok – Pål Dale	25 000
CD Inger Lise Stuelien	15 000
Setesdal syng ABBA	10 000
Rock i Brokke	10 000
Setesdalsgildet	50 000
Brokke Fjellfestival	25 000
X-Camp – Evje	20 000
Ose Mat og Kultur	10 000
Ekspedisjon Otra	5 000
CD Løvlands alle	5 000
Morgenbladet topp 20 – H. Bjørgum	15 000
Setesdal næringshage	50 000
Folkemusikkprosjektet Setesdal	100 000
KCK-Colorline Setesdal Tour	75 000

## Prosjekt i eigen regi

Helse	1 000 000
Desentralisert sjukepleieutdanning	150 000
Setesdalskonferansen	100 000
Prosjekt distriktsutdanning	100 000
Rv. 9 – planlegging / utbyggingsreserve	1 000 000
Rv. 9 – påverknadsarb. og plan / utgreiing	500 000
Utviklingsplan Setesdal – oppfølging	1 000 000
IKT Setesdal – forprosjekt	100 000
Tilleggsløying LMT – Sørlandet sjukehus	150 000
Kompetansetiltak / kurs	100 000



Daniel Homme leiar Bykle Vindu inn i ein solid opptur! Verksemda produserer vindauge med vekt på norsk byggeskikk og klima. Fabrikken er eit avansert produksjonsanlegg med datastyrt produksjonsmaskiner og moderne ordre-behandlingsystem. Produktutvikling med såkalla Isokitt har gitt store ordreservar og trong for utviding av produksjonen. Verksemda fekk støtte til å prosjektere fabrikkutviding i 2011.



Kommunane og regionrådet deltek årleg på Naturligvis. Tema i 2011 var «Smaken av Setesdal». To viktige ressurspersonar i sving her; landbruksansvarleg i Bykle – Sigrid Bjørgum og jordbrukssjefen i Evje og Hornnes – Inge Eftevand.

## Næringsnytt anno 2011

Næringsutvikling er avgjerande for busetting, trivsel og økonomisk bærekraft. Verksemdar er i vekst og utvikling. Løyvingar frå regionalt næringsfond – og støtte får næringsapparatet er viktig. Setesdalsprisen er vår måte å applaudere aktørarar som utmerkar seg og er til inspirasjon for fleire!

Skal ein lukkast med strategiane og få ei positiv folketalsutvikling i heile regionen, er arbeidsplassar og næringsutvikling ein føresetnad. Arbeidet med næringsutvikling og næringssaker er høgt prioritert av styret og administrasjonen.

Ein opplever at det er eit lett og godt samarbeid mellom nivåa og på tvers – i praksis. Det vert praktisert tenestekjøp mellom kommunane og mellom regionrådet og 1.-lina når det trengst kapasitet og kompetanse til saker og prosjekt. Tilsvarende er årlege «stunt» som Naturligvis ikkje mogleg utan at landbruksansvarlege har teke dugnaden med å førebu og gjennomføre deltaking og utvikling av stand og materiell i lag med regionrådet.

Samhandlinga med eit samla næringsliv skjer årleg gjennom Setesdalskonferansen og i ulike programkomitear, nettverk, kurs- og møteplassar der tiltaksapparatet møter leiarane i næringslivet.

Næringsarbeidet omfattar saks- handsaming og løyvingar frå næringsfond. Det gjeld m.a. gjennomføring av kompetansetiltak retta mot bransjar eller grupperingar av verksemdar. Vi tek og prosjektansvar for gjennomføring av satsingar overfor bransjar og gjennomføring av fellestiltak.

Ein ser at det kan vere tenleg for aktørane og regionen å vurdere tettare samordning og kompetanseutveksling for å få meir robuste tenester og synergieffektar til beste for brukarar og kundar, jf tilrådingane frå prosjektgruppa presenterte våren 2012.

### SMAKEN AV SETESDAL

Dette var opphavleg arbeidstittel på deltakinga vår på Naturligvis 2010. Dette vart vidareført og konkretisert som eit prosjekt hausten 2010 for å setje fokus på «kortreist mat», lokal foredling og verdiskaping. Målet med prosjektet er å gjere Setesdal til eit reisemål for mat og matopplevingar. Prosjektet ønskjer også å syne potensialet for nyskaping innafor matkultur og ta trendar over i tradisjonane.



Hanna og Bjørn Erling Auestad Bakken mottok Setesdalsprisen 2011 under festmiddagen på Setesdalskonferansen. Prisutdelar: stortingsrepresentant Kjell Ingolf Ropstad.

Prosjektet har fokus på både produsentane og serveringsstadene. Det er viktig for produsentane å auge medvitet om kva for høve det er til samhandling med serveringsstadene, og for serveringsstadene å auke kvaliteten på kjøkkeneet gjennom generelt større medvit om kortreist mat, matkultur, osb. Det er også eit mål å medverke til auka lokal verdiskaping, auka samhandling og uttak av meirverdiar i heile verdikjeden lokalt gjennom felles marknadsføring, sal, osb

Rune Ingebretsen vart engasjert som prosjektleiar.

#### Styringsgruppe:

- Wenche Høgetveit
- Åse Hoden Hørsdal
- Bjørn Erling Auestad Bakken
- Øyvind Nese
- Connie Barthold
- Åse Ingebjörg Flateland

#### AKSJEKJØP

Regionrådet kjøpte i tillegg aksjar i Evjeklinikken for kr 926.932,- i 2011.

#### SETESDALSPRISEN 2011

Styret oppretta Setesdalsprisen med egne statuttar i 2010. Utmerkinga skal stimulere og inspirere til nyskaping og vidareutvikling av næringslivet i Setesdal. Prisen er ei løyving på kr. 10.000 saman med diplom. Prisen kan gå til eigar / leiar eller ei privat verksemd i Setesdal som i lengre tid eller siste året har verka på ein særleg positiv og forteneestfull måte. Det er eigen jury og prisutdelar vert engasjert frå år til år.

Bjørn Erling Auestad Bakken og kona Hanna starta med overtaking av Bykle hotell for ei krone 1. sept 2003. Med på handelen følgde tilskot til ny overnattingsfløy frå Bykle kommune. Føresetnaden var at dei skulle drive hotellet i minst 10 år. I dei 8 åra som er gått har dei ekspandert med drifta av Hovden ferienesenter / Hovdehytta, og utleige av senger ved Hovden Appartement og Hovdestøylen.

Juryen rosa dei for mot og evne til å skape arbeidsplassar, for tydeleg forankring, for å vere stolte over eigenart og tilhøyr i lokalmiljøet og Setesdal, for kundefokus, utviklingsorientering, og for å vere synlege. Dei fekk også lovord som aktive medspelarar i felles reisemålsutvikling med organiseringa på Hovden og i Setesdal. Kombinasjonen, nøktern drift, mot til å investere og satse, fokus på kvalitet og kostnadskontroll imponerte juryen: *«De er til inspirasjon i måten de evnar å drive lønsamt og med kontinuerleg nyskaping innafor bransjen – også i tider der det er krevjande»* – uttrykte juryen.

## Næringsutvikling – løyvingar

Mjølkekvoter	100 000
Ymse kulturprosjekt	100 000
Naturligvis	50 000
Bykle vindu	200 000
Bergtun spiseri	142 500
Revsnes	150 000
Temaavis Setesdølen	100 000
Evje Bilvarehus	80 000
Tytingen	200 000
Aquaponics AS	75 000
Svein Harald Roland	100 000
Hasla markvegen	100 000
Marit Taksdal	71 000
Kvinnenettverk	50 000
Evjemoen næringspark	30 000
Evje utvikling / 1. line – tenestekjøp	50 000
Naturligvis 2011	100 000
Flexicat – tilskott	200 000
Lån	105 000
Emm – nettbutikk	25 000
Torleiv Mosdøl Sælid	30 000
Evjeklinikken	35 000
Bykle hotell	25 000
KVS Bygland	25 000

# Balanserekneskap

	REKNESKAP 2011	REKNESKAP 2010
<b>EIGEDELAR</b>		
<b>A. ANLEGGSMIDLAR</b>		
Utlån	314 653	489 655
Aksjar og andelar	1 386 206	457 837
Pensjonsmidlar	662 028	468 323
<b>Sum anleggsmidlar</b>	<b>2 362 887</b>	<b>1 415 815</b>
<b>B. OMLØPSMIDLAR</b>		
Kortsiktige fordringar	9 111 033	959 261
Premieavvik	0	30 583
Kasse, postgiro, bankinnskot	3 833 826	9 877 300
<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>12 944 860</b>	<b>10 867 145</b>
<b>Sum eigedelar</b>	<b>15 307 748</b>	<b>12 282 960</b>
<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>		
<b>C. EIGENKAPITAL</b>		
Disposisjonsfond	-6 898 417	-5 723 288
Bundne driftsfond	-735 231	-1 296 004
Regnskapsmessig overskot	-40 376	0
Regnskapsmessig underskot	27 803	26 366
Kapitalkonto	-1 471 692	-872 836
<b>Sum egenkapital</b>	<b>-9 117 914</b>	<b>-7 865 763</b>
<b>D. GJELD</b>		
<b>LANGSIKTIG GJELD</b>		
Pensjonsforplikting	-890 799	-542 582
<b>Sum langsiktig gjeld</b>	<b>-890 799</b>	<b>-542 582</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>		
Anna kortsiktig gjeld	-5 225 438	-3 874 615
Premieavvik	-73 596	0
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>-5 299 034</b>	<b>-3 874 615</b>
<b>Sum gjeld</b>	<b>-6 189 834</b>	<b>-4 417 197</b>
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>	<b>-15 307 748</b>	<b>-12 282 960</b>

# Driftsrekneskap

	REKNEKAP 2011	REKNEKAP 2010
<b>DRIFTSREKNEKAP</b>		
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>		
Refusjoner	-9 910 946	-8 326 171
Overføringer	-5 150 000	-4 150 000
Andre driftsinntekter	-533 270	-401 944
<b>Sum driftsinntekter B</b>	<b>-15 594 217</b>	<b>-12 878 115</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>		
Løn inkl. sosiale utgifter	2 646 822	1 837 103
Kjøp av varer og tenester	6 805 642	4 633 790
Overføringer	4 169 310	3 937 577
Andre driftsutgifter	533 270	401 944
<b>Sum driftsutgifter C</b>	<b>14 155 045,15</b>	<b>10 810 416</b>
<b>Driftsresultat D=B-C</b>	<b>-1 439 171</b>	<b>-2 067 698</b>
<b>FINANSPOSTER</b>		
Renteinntekter	-174 233	-120 574
Renteutgifter	6 742	4 594
Utlån fra næringsfond	103 000,00	0
Mottekne avdrag på lån	-78 001	-348 833
<b>Ordinært resultat H</b>	<b>-1 581 664</b>	<b>-2 532 513</b>
<b>INTERNE FINANSTRANSAKSJONAR</b>		
Avsetninger	3 335 304	3 047 573
Bruk av tidligere avsetninger	-1 794 017	-515 060
<b>Sum avsetninger J</b>	<b>1 541 287</b>	<b>2 532 513</b>
<b>Regnskapsmessig resultat K=H+I-J</b>	<b>-40 376</b>	<b>0</b>
Regnskapsmessig overskot	40 376	0

**AKSJER OG ANDELER SOM ER FØRT OPP SOM ANLEGGSMIDLER  
AKSJER OG ANDELER I**

NAVN	BOKFØRT VERDI	MARKEDSVVERDI	EIERANDEL
Egenkapitalinnskudd KLP	3 774		
Setesdal Bilruter L/L	445 500	1 007 042	5,46 %
Stiftinga Haukeliseterfestivalen	10 000		17,60 %
Evjeklinikken AS	926 932	926 932	19112 / 229588
<b>Sum aksjer og andeler</b>	<b>1 386 206</b>		

**NOTE – SPESIFIKASJON AV OVERFØRINGAR MELLOM SELSKAP OG DELTAKARAR**

	BELØP
Bykle kommune	-1 397 077
Bykle kommune	174 703
Valle kommune	-1 304 000
Valle kommune	203 300
Bygland kommune	-1 302 000
Bygland kommune	304 091
Evje og Hornnes kommune	-1 301 000
Evje og Hornnes kommune	415 280

*Transaksjonane speglar aktiviteten mellom deltakarkommunane og regionrådet – med like løyvingar på 1,3 mill. pr kommune til regionrådet – og andre vegen; refusjonar / prosjektløyvingar og tenestkjøp m.v.*

**NOTE – EKSTERNE INNTEKTER**

	REKNESKAP 2011	REKNESKAP 2010
Salgsinntekter	0	0
Refusjon frå staten	-4 385 269	-3 035 217
Refusjon frå fylkeskommunen	-5 151 000	-3 866 421
Andre refusjonar	-220 600	-273 849
<b>Totalt</b>	<b>-9 756 869</b>	<b>-7 694 304</b>


- Refusjonane omfattar i hovudsak løyvingar til ymse helseprosjekt og refusjonar i samband med VOX o.a.
- Midlar gjennom «Konsesjonskraftavtalen» mellom kommunane og Aust-Agder fylkeskommune, Regionalt næringsfond m.v.

**NOTE – BEMANNING OG YTINGAR TIL LEDANDE PERSONAR**

	REKNESKAP 2011	REKNESKAP 2010
Løn dagleg leiar	679 850	648 241
Løn styreleiar	136 000	130 000
Godtgjering revisor:		
– revisjon	12 600	12 060
– bistand	9 032	10 208



# Revisjonsberetning



**Setesdal Revisjonsdistrikt IKS**  
- Bykle-Valle-Bygland-Evje og Hornes-Iveland -

Til styret i Setesdal Regionråd

**REVISORS BERETNING FOR 2011**

**Uttalelse om årsregnskapet**  
Vi har revidert årsregnskapet for Setesdal Regionråd som viser et ordinært resultat på kr 1 581 664,31 og et regnskapsmessig resultat på kr 40 376,52. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2011, driftsregnskap og kapitalregnskap avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteplysninger.

*Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet*  
Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med kommuneloven med tilhørende regnskapsbestemmelser i forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper og god kommunal regkapskikk, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

*Revisors oppgaver og plikter*  
Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for samarbeidets utarbeidelse av et årsregnskap som gir en dekkende fremstilling. Formålet er å utføre revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av samarbeidets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatenes utarbeidelse av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

**Konklusjon**  
Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Setesdal Regionråd per 31. desember 2011, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar kommuneloven med tilhørende regnskapsbestemmelser i forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper og god kommunal regkapskikk i Norge.

TELEFON	E-POST	POSTADRESSE	ORG.NR
Risinggård 379 32 360	risingsgard@e-b.kommune.no	Evjemoen	97662652
Nilsen 379 32 361	nilsen@e-b.kommune.no	4735 EVJE	
Pstun 379 32 362	gstun@e-b.kommune.no		
Mobileff 916 31 408		BESØKSADRESSE	BANKKONTO NR
		Evjemoen	2901.11.01788

## Uttalelser om øvrige forhold

### Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at de disposisjoner som ligger til grunn for regnskapet er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpene i årsregnskapet stemmer med regulert budsjett.

### Konklusjon om årsberetningen


Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE)3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av samarbeidets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Evje, 15.05.2012

Setesdal Revisjonsdistrikt IKS

  
Steinar Risinggård  
Revisjonssjef

# Kontorarbeid og kapasitet

Vi har avdelingskontor i kommunehuset i Bygland for prosjektmedarbeidaren. Valle er vertskommune og kommunehuset er kontorstad for dagleg leiar.

Regionrådet har tenesteavtale for kjøp av sekretærtjenester, arkiv, økonomi, IKT o.a. i Valle kommune.

# Framtidsutsikter – prioriterte aktivitetar

Det nye styret vil i det neste året setje sitt preg og si retning på regionrådet. Budsjettet speglar at ein no vil fasehelsesatsinga over i drift og at ein er klar for å fokusere på næringsarbeidet ein periode. Ein er og open for å drøfte nye tema for interkommunalt samarbeid og korleis ein kan og bør organisere desse framover.

Regionrådet skal halde fram med ein avgrensa fast stab – og høve til fleksibilitet i ressursbruk og kapasitetsvariasjonar alt etter kva tema som står på den politiske agendaen.

# Takkehelsingar frå dagleg leiar



**SIGNE SOLLIE HAUGÅ**  
DAGLEG LEIAR  
SETESDAL REGIONRÅD

Stor takk til alle som vi har samarbeidd med i 2011. Ein særleg takk til engasjerte og tilsette prosjektmedarbeidarar, og til Laila Rysstad som tek seg av alt frå kodeverk til avansert rekneskap!

Hjarteleg takk og for gildt og lærerikt samarbeid med avtroppande styre.

*Signe Sollien Haugå*

**Signe Sollien Haugå**  
dagleg leiar

---

UTGJEVAR: Setesdal Regionråd | TEKST: Signe Sollien Haugå | DESIGN: Kjetså Design AS | TRYKK: Setesdalstrykk AS  
FOTO: Marit Simonstad Kvaale forside og bakside, side 20, 23, 24, 28, 30, 32, 34, 35 og alle portrett  
Setesdal – Noreg tett på / Foto: Anders Martinsen Fotografer side 12 og 26 | Setesdølen – Ole Birger Lien side 14  
Setesdølen – Helene Horverak, Setesdalsprisen side 36 | Heidi Viki, Tall Ships race – Stavanger side 22  
Signe Sollien Haugå – Setesdal Regionråd side 18, 19, 25, 31 og 32



Setesdal Regionråd  
Kommunehuset, N-4747 Valle  
Telefon sentralbord: 37 93 75 00  
E-post: [post@setesdal.no](mailto:post@setesdal.no)  
[www.setesdal.no](http://www.setesdal.no)



BYKLE  
KOMMUNE



VALLE  
KOMMUNE



BYGLAND  
KOMMUNE



EVJE OG HORNNES  
KOMMUNE

Setesdal Regionråd (SR) er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle. Vi har tre hovudarbeidsområde – infrastruktur, interkommunalt samarbeid og næringsutvikling. Alt vi gjer er mynta på at det skal vere godt å bu og drive verksemd i Setesdal. Vi er og opptekne av å ta vare på eigenarten her.